



## **DELÅRSRAPPORT** **2. kvartal 2010**

Voss, 17. august 2010

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 2. KVARTAL 2010

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA syner eit resultat før skatt i 2. kvartal på 10,1 mill. kr, mot 9,4 mill. kr i 2. kvartal i fjor. Dette tilsvarar 1,44% i år, mot 1,47% i fjor av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet.

Resultat etter skatt er 7,0 mill. kr, mot 7,5 mill. kr i same kvartal i fjor. Dette tilsvarar 1,01% i år og 1,18% i fjor av GFK i kvartalet.

Resultat hittil i år av ordinær drift før skatt er 18,0 mill. kr mot 13,6 mill. kr ifjor. Etter skatt er resultatet 13,2 mill. kr eller 0,96%. Tilsvarande tal i fjor var 10,3 mill. kr og 0,81%. Resultatet er positivt påverka av nokre eingongseffektar kommentert under verdipapir og kostnader.

## RENTEMARGIN

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter i 2. kvartal er 12,7 mill. kr, mot 13,6 mill. kr for 2. kvartal 2009. I % av GFK i kvartalet er rentemarginen 1,81% mot 2,13%.

Pr. 30.06.10 er rentemarginen på 30,3 mill. kr mot 28,5 mill. kr pr. 30.06.09. I prosent av GFK er rentemarginen redusert frå 2,26% til 2,20%.

## INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Banken sin portefølje av verdipapir vurdert som handelsportefølje gjenspeglar den negative utvikling på Oslo Børs i 2. kvartal. Sidan 15.04.10 har Oslo Børs falle med om lag 16%, og banken har kostnadsført 3,5 mill. kr som verdiendring på porteføljen, mot ei inntektsføring på 2,8 mill. kr i 2. kvartal 2009.

Pr. 30.06.10 er det samla utgiftsført 1,3 mill. kr i realisert vinst/tap og verdijusteringar, mot ei inntektsføring på 2,1 mill. kr ifjor. I andre kvartal har banken motteke utbytte på til saman 3,4 mill. kr, mot 0,4 mill. kr pr 30.06.09. Omlag 2 mill. kr er ekstraordinært utbytte på anleggsaksjar.

På verdipapir vurdert som anleggsmiddel er det pr. 30.06.10 inntektsført 1,2 mill. kr mot ei kostnadsføring på 0,5 mill. kr pr 30.06.09. Netto inntektsføring på omlag 1,7 mill. kr har eingongseffekt.

## DRIFTSKOSTNADER

Sum driftskostnader i 2. kvartal er 4,3 mill. kr, mot 8,2 mill. kr i tilsvarande kvartal i 2009. I 2. kvartal i år er det tilbakeført 4,0 mill. kr i tidlegare avsette AFP forpliktingar i samband med pensjonsreforma. Tilbakeføringa har eingongseffekt.

Driftskostnadane i 2. kvartal er 0,62% av GFK i kvartalet mot 1,28% i 2. kvartal 2009. Utan tilbakeføring av AFP forpliktingar ville driftskostnadane vore på 8,3 mill. kr som er i samsvar med budsjetterte kostnader.

Pr. 30.06.10 er driftskostnadane på 14,8 mill. kr mot 17,8 mill. kr i 2009.

## TAP OG MISLEGHOLDNE LÅN

I 2. kvartal har banken bokført nedskrivingar på kundeengasjement med 1,3 mill. kr. Konstaterte tap på lån i kvartalet, som det tidlegare er nedskrive på, er 0,5 mill. kr, mot 3,4 mill. kr i 2. kvartal ifjor.

Pr. 30.06.10 er 3,0 mill. kr bokført i nedskriving på utlån, mot 1,1 mill. kr. på same tid ifjor. I prosent av GFK utgjør dette 0,22 prosent mot 0,07 ifjor. Samla netto tapsutsette engasjement er redusert med 8,4 mill. kr frå 30.06.09. I % av brutto utlån utgjør dette 3,71% pr. 30.06.10, mot 4,25% pr. 30.06.09.

## RÅDVELDEKAPITAL

Rådveldekapitalen er i 2. kvartal redusert med 16 mill. kr, eller 0,6%.

Banken sin rådveldekapital pr. 30.06.10 er 2 799 mill. kr. For dei siste 12 månadane er veksten i rådveldekapitalen 80 mill. kr, eller 3,0%.

## **INNSKOT**

Innskot frå kundar er auka med 37,5 mill. kr i 2. kvartal, eller 2,1%.

Innskot frå kundar pr 30.06.10 er 1 824 mill. kr, mot 1 752 mill. kr ifjor. Auken utgjer 72 mill. kr eller 4,1%. Innskotsdekning frå kundar held seg stabil ved halvårsskiftet med 79,7% av brutto utlån, mot 79,9% i fjor.

## **UTLÅN**

I 2. kvartal er brutto utlån til kundar auka med 33 mill. kr, eller 1,5%.

Brutto utlån til kundar utgjer 2 288 mill. kr ved utgangen av kvartalet, mot 2 193 mill. kr i 2009. Auken utgjer 95 mill. kr, eller 4,4%.

## **EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING**

Banken opplevde stor pågang frå investorar ved emisjon av ny fondsobligasjon og ansvarleg lånekapital i slutten av april, og er godt nøgd med rentevilkåra banken oppnådde. Evigvarande fondsobligasjon på 35 mill. kr, og nytt tidsavgrensa ansvarleg lån på 50 mill. kr vart innbetalt i juni, samstundes som det gamle ansvarlege lånet på 25 mill. kr vart innløyst etter 5 år. Samla styrkar dette banken sin netto ansvarlege kapital med 60 mill. kr. og eigenkapitaldekninga med 3,6% til vidare vekst i den lokale marknaden.

Netto ansvarleg kapital etter dei nye Basel II reglane er 317 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 19,06%. Kjernekapitalen er samstundes 267 mill. kr, eller 16,05%. I høve til minimumskrava er overdekninga 184 mill. kr.

## **REVISJON**

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## **REKNESKAPSPRINSIPP**

Delårsrapporten er sett opp i samsvar med "Norsk RegnskapsStandard 11 Delårsrapportering", som er same prinsipp som ved årsoppgjeret for 2009.

## **UTSIKTENE FOR 2010**

Styret meiner at banken med sin solide eigenkapital, sin gode fundingssituasjon, dei solide tapsavsetjingane og ein nokolunde stabil lokalmarknad, framleis vil vera i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Vi forventar ein moderat auke i pengemarknadsrenta i dette året.

## **FRÅSEGN FRÅ STYRE OG DAGLEG LEIAR**

Vi stadfestar etter beste overtyding at rekneskapen for perioden 1. januar til 30. juni 2010 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov, og at rekneskapsopplysningane samla sett gir eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, samt at delårsrapporten gir eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskaps-perioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Banksjef Jan Arveschoug eller ass. banksjef Einar Larsen tlf 56 52 35 00

## RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	2. kv.10	2. kv.09	30.06.10	30.06.09	31.12.09
Renteinntekter og liknande inntekter	27.444	28.570	57.760	63.352	118.680
Rentekostnader og liknande kostnader	14.731	14.980	27.413	34.872	59.820
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>12.713</b>	13.590	<b>30.347</b>	28.480	58.860
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	3.348	438	3.373	438	1.980
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.489	1.423	2.844	2.736	6.075
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-462	-498	-972	-1.018	-2.035
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	-3.542	2.762	-1.266	2.058	8.303
Andre driftsinntekter	170	165	335	331	735
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>1.003</b>	4.290	<b>4.314</b>	4.545	15.058
<b>Sum netto inntekter</b>	<b>13.716</b>	17.880	<b>34.661</b>	33.025	73.918
Løn og generelle administrasjonskostnader	2.999	6.803	11.737	14.756	29.920
Ordinære avskrivningar	309	154	618	325	691
Andre driftskostnader	1.038	1.244	2.431	2.746	5.372
<b>Sum kostnader</b>	<b>4.346</b>	8.201	<b>14.786</b>	17.827	35.983
<b>Resultat før tap</b>	<b>9.370</b>	9.679	<b>19.875</b>	15.198	37.935
Tap på utlån, garantiar m.v.	1.339	484	2.984	1.140	3.963
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	-2.034	-208	-1.192	506	3.506
<b>Netto tap og avskrivningar</b>	<b>-695</b>	276	<b>1.792</b>	1.646	7.469
<b>Resultat før skatt</b>	<b>10.065</b>	9.403	<b>18.083</b>	13.552	30.466
Skatt på ordinært resultat	3.022	1.888	4.838	3.276	7.050
<b>Resultat for rekneskapsåret</b>	<b>7.043</b>	7.515	<b>13.245</b>	10.276	23.416
<b>Disponering av overskot:</b>					
Utbytte på aksjar			0	0	4.750
Overført til annan eigenkapital			0	0	18.666
<b>Sum disponert</b>			<b>0</b>	<b>0</b>	<b>23.416</b>
Resultat pr. aksje	74,14	79,11	139,42	108,17	246,48
Utvatna resultat pr. aksje	74,14	79,11	139,42	108,17	246,48

# BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

**30.06.10** 30.06.09 31.12.09

## EIGNELUTAR

Kontantar og fordringar på sentralbankar	108.111	143.199	109.290
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	83.652	155.993	8.073
Netto utlån og fordringar på kundar	2.244.987	2.154.965	2.183.355
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	236.641	127.889	282.577
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	97.665	114.326	106.982
Utsett skattefordel	5.330	3.075	5.330
Finansielle derivat	0	0	0
Varige driftsmidlar	11.227	4.047	11.249
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	11.500	15.214	11.782

## SUM EIGNELUTAR

**2.799.113** 2.718.708 2.718.638

## GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	1.824.363	1.751.592	1.773.334
Obligasjons- og sertifikatgjeld	600.000	665.000	647.000
Finansielle derivat	272	384	127
Anna gjeld	11.295	10.372	18.434
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	22.169	28.285	8.149
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	5.781	10.377	9.605
Ansvarleg lånekapital	85.000	25.000	25.000
<b>Sum gjeld</b>	<b>2.548.880</b>	<b>2.491.010</b>	<b>2.481.649</b>

## EIGENKAPITAL

### Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning eigne aksjar	-12	-12	-12
Sum innskoten eigenkapital	9.488	9.488	9.488

### Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	240.745	218.210	227.501
Sum opptent eigenkapital	240.745	218.210	227.501

## Sum eigenkapital

**250.233** 227.698 236.989

## SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

**2.799.113** 2.718.708 2.718.638

Garantiansvar	37.260	42.203	35.379
Pantsetjingar	57.897	0	55.000
Eigenkapitaldekning	19,06 %	14,82 %	15,18 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	2.760.828	2.524.442	2.628.717

Voss, 17.08.10

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Jorunn Lødemel  
styreformann



Stig Gunnar Røthe

  
Åse-Karin Tennebekk

  
Dagfinn Gjøstein

  
Norvald Fretheim

  
-----  
Jan Arveschoug  
banksjef

## TAP PÅ UTLÅN

### Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar
Endring amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar
Endring i gruppevise nedskrivningar
Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for
Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive på
Inngang på tidlegare avskrivne tap
<b>Sum tap i perioden</b>
Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

<b>30.06.10</b>	30.06.09	31.12.09
939	-1.652	253
1.096	-523	-619
500	0	1.000
473	3.361	3.436
2	10	10
-26	-56	-118
<b>2.984</b>	<b>1.140</b>	<b>3.962</b>

### Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån
Individuelle tapsnedskrivningar
<b>Netto misleghaldne lån</b>

54.520	44.511	27.031
12.936	3.326	5.473
<b>41.584</b>	<b>41.185</b>	<b>21.558</b>

Andre tapsmerka engasjement
Individuelle tapsnedskrivningar
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån
<b>Netto tapsutsette engasjement</b>

61.759	76.353	73.308
18.534	24.351	24.511
<b>43.225</b>	<b>52.002</b>	<b>48.797</b>
<b>84.809</b>	<b>93.187</b>	<b>70.355</b>

## SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån
Amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar
Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar
Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar
Netto utlån til kundar

2.288.463	2.193.148	2.224.845
1.362	2.189	1.908
-32.832	-29.866	-31.892
-12.006	-10.506	-11.506
<b>2.244.987</b>	<b>2.154.965</b>	<b>2.183.355</b>

## ENDRING I EIGENKAPITALEN

Eigenkapital pr. 01.01
Korreksjon pensjons-skyldnad
Kjøp / sal egne aksjar
Resultat i perioden
Utbytte
<b>Eigenkapital pr. 30.06 / 31.12</b>

236.988	220.649	220.649
0	-3.227	-2.323
0	0	-3
13.245	10.276	23.416
0	0	-4.750
<b>250.233</b>	<b>227.698</b>	<b>236.989</b>

## KAPITALDEKNING

Kjernekapital
Tilleggskapital utover kjernekapitalen
Sum kjernekapital og tilleggskapital
- frådrag i kjerne og tilleggskapital
<b>Netto ansvarleg kapital</b>

266.659	214.346	231.659
50.000	25.000	25.000
316.659	239.346	256.659
0	-212	-208
<b>316.659</b>	<b>239.134</b>	<b>256.451</b>

**Totalt berekningsgrunnlag**

**1.661.150** 1.614.112 1.689.400

**Kapitaldekning i %**

**19,06 %** 14,82 % 15,18 %

**Kjernekapital i %**

**16,05 %** 13,28 % 13,71 %

## KONTANTSRAUMOPPSTILLING

Alle tal i heile NOK 1.000

	<b>30.06.10</b>	30.06.09	31.12.09
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	61.260	65.907	129.954
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	-12.909	-18.016	-67.592
Andre innbetalningar	3.766	1.182	2.740
Driftsutbetalningar	-15.280	-13.931	-35.056
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	26	56	119
Utbetalt utbytte	-4.750	-3.420	-3.420
Betalte skattar	-8.876	-8.878	-7.931
<b>Tilført frå verksemda</b>	<b>23.237</b>	<b>22.900</b>	<b>18.814</b>
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	-64.092	-101.498	-133.270
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	51.029	23.683	45.425
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	-47.000	188.000	170.000
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	40	-4.526	-1.764
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	36.680	-103.444	-195.143
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	1.647	1.738	-79
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	60.000	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	0	0	-3
<b>Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd</b>	<b>38.304</b>	<b>3.953</b>	<b>-114.834</b>
Investert i varige driftsmidlar	-596	-145	-7.713
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	13.455	-35.062	-86.450
<b>Netto kontantstraum frå investeringar</b>	<b>12.859</b>	<b>-35.207</b>	<b>-94.163</b>
Netto endring likvidar	74.400	-8.354	-190.183
Likviditetsbeholdning pr. 01.01	117.363	307.546	307.546
<b>Likviditetsbeholdning pr. 30.06 / 31.12</b>	<b>191.763</b>	<b>299.192</b>	<b>117.363</b>
<b>Likviditetsbeholdning 30.06 / 31.12 består av:</b>			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	108.111	143.199	109.290
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	83.652	155.993	8.073
<b>Sum likviditetsbeholdning pr. 30.06. / 31.12</b>	<b>191.763</b>	<b>299.192</b>	<b>117.363</b>